


Nr. 2 - mars 2021

# Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune



# Gudstenester

Dette er dei oppsette gudstenestene framover.  
Me fylgjer til ei kvar tid oppgitte koronareglar, og  
tek etterhald om endringar/avlysingar pga. dette.  
Gjeldande liste og informasjon om endringar finn  
du i kalenderen på nettsida vår:  
[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no) og facebook-sida vår:  
«Kyrkja i Masfjorden».

**21.mars**  
Sandnes kyrkje kl. 12:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Redd Barna

**28.mars Palmesøndag**  
Granneheimen kl. 11:00  
Gudsteneste v/prost Helge Taranrød  
Takkeoffer til Frelsesarmeene

**1.april Skjærtorsdag**  
Sjukeheimen kl 12:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Fjon Fjellkyrkje kl. 18:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Fjon Fjellkyrkje

**2.april Langfredag**  
Solheim kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Rådet for psykisk helse

**4.april Påskedag**  
Sandnes kyrkje kl. 12:00  
Frøyset kyrkje kl. 19:00  
Gudstenester v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Rådet for psykisk helse

**11.april**  
Sandnes kyrkje kl. 12:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Kirkens nødhjelp

**25.april**  
Solheim kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Kirkens nødhjelp

**2.mai**  
Frøyset kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til SOS barnebyer

**9.mai**

Fjon Fjellkyrkje kl. 16:00  
Gudsteneste i forbindelse med konfirmant leir  
v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug  
Takkeoffer til SOS barnebyer

**13.mai Helgetorsdag**

Grøttneset, ved dagsturhytta kl. 12:00  
Frluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til SOS barnebyer

**17.mai**

Solheim kyrkje kl. 10:00  
Sandnes kyrkje kl. 11:45  
Sjukeheimen kl. 16:00  
Gudstenester v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Sjømannskirken

**23.mai Pinsedag**

Frøyset kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Kirkens nødhjelp

**24.mai 2.pinsedag**

Granneheimen kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Kirkens nødhjelp

**30.mai**

Solheim kyrkje kl 11:00  
Gudsteneste v/prost Helge Taranrød  
Takkeoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

## Døypte

**14.02.2021 Sigrid Kvamme Haugsvær**

Foreldre:  
Elise Kvamme Andersen og Arild Haugsvær  
Faddrar:  
Håvard Haugsvær, Marlene Søvde Holmaas og  
Helen Andvik

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått  
del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for  
dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds  
ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og  
veksa i den kristne trua.*

## Avlidne

**30.01.2021 Olaf Dagfinn Sleire f. 1930**

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på  
meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur  
på meg, skal i all æva ikkje døyr.*

The page is titled 'BARNAS SIDE' and features a logo for 'SONDAGSSKOLEN Jesus til barna'. It includes a large maze titled 'Finn vegen til Jesus!', a story about Jesus and the woman at the tomb, and a math puzzle about a house with many stairs.

**Finn vegen til Jesus!**

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)

**Vitsar**

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik: «Eit hus har 5 etasjar. Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?» – Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

– Korleis er den nye gitaren din?  
– Eg måtte kaste han.  
– Kvifor det?  
– Den hadde jo eit stort hol i midten!

**Finn fem feil**

Maria Magdalena sprang og fortalte lærarane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Kari Sortland)

Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske? Svar: Ein ven du kan rekne med.

## Bak stengte dører?



Av preses Olav Fykse Tveit

I fjar var kyrkjedørene stengde i heile påska, kanskje for første gang i kyrkja si historie i Noreg. Ikkje ein gong under krigens dagar var det slik. Dette er eitt av mange teikn på kor heilt annleis det siste året har vore. Kven skulle tru at vi vart nødt til å ha stengte dører i kyrkja i Noreg?

Det er når ein ikkje lenger har det som ein elles tek for gitt, at ein legg merke til kor viktig det er:

*«I dag står flaggstangen naken  
blant Eidsvolls grønnende trær.  
Men nettopp i denne timen  
vet vi hva frihet er.»*

Slik las Nordahl Grieg frå NRKs radiostasjon i Tromsø 17. mai 1940. Vi kjenner dramatikken i orda hans frå ulike opplevelingar det siste året. Vi har hatt mange eksempel på at vi pluttseleg ikkje har noko vi har tatt for gitt, og kjenner no på kva det betyr for oss. No er det ein skjult fiende som trugar oss, helse og liv. Det er ikkje heilt den same dramatikk som for 80 år sidan, men likevel noko som får oss til å la vere å gjere det som elles hadde vore heilt naturleg: Helse på kjente og ukjente i handa, møte menneske både heime og ute, klemme på barn og barnebarn, vere i ei forsamling med mange menneske, gå på skule, arbeidsplassen, bussen, toget, fotballbanen – og vi kunne fortsette. Og alt dette gjer vi av frykt for helse og liv, for andre og for oss sjølve.

No skal vi feire påske, ikkje berre ha påske i kalenderen. I år ser det ut til at det er litt nye vilkår. Så vi planlegg påskefeiring - i kyrkjene –

men med eit lite etterhald om kva som måtte bli nødvendig dersom det vert lokale smitteutbrot. Den kristne kyrkja er blitt til i ein situasjon prega av drama og frykt. Ei av historiene frå påskeevangeliet handlar endå til om stengde dører. Det er ganske forståeleg det som vert fortald i Johannesevangeliet kappittel 20, vers 19-23. Disiplane gøynde seg og stengde døra bak seg fordi dei var redde. Dei hadde gode grunnar til å stenge døra. Dei såg kva som skjedde med Jesus, dei kunne frykte det same for deira eigen del. Det var blitt ny uro i Jerusalem av ryktene om at han ikkje var lenger i grava der han var lagt.

Men ikkje ein gong deira frykt kunne stenge den oppstandne Jesus ute og forhindre han i å møte dei der dei var i livet: Fylte av frykt, stengte inne i sin eigen redsel. Jesus kom likevel, Jesus kom heilt inn til dei. Han kom ikkje med latterleggjering av at dei var redde. Han kom heller ikkje med hevn over dei som hadde både forlatt han og fornekta han. Han kom ikkje ein gong med kritikk.

Han kom med eit anna budskap: «Fred vere med dykk!»

Dette vart på eit vis den første kristne gudsteneste, som eit møte mellom den oppstandne Jesus Kristus og dei menneske som samlar seg fordi dei følgjer han – eller har følgt han. Så sender han dei ut. For å dele det dette møtet med den oppstandne gir dei. Slik har det halde fram, heilt til oss og vår tid: Nokon har halde ryktet om den oppstandne Jesus Kristus levande og skapt møteplasser mellom oss og han.

Slik har våre gudstenester vorte til. Slik er dei fortsatt noko som er meir enn oss sjølve og våre kjensler av frykt eller kva det måtte vere som fyller oss. Men dei er også eit møte der vi kan vere oss sjølve, ja, der vi ikkje kan vere noko anna enn oss sjølve. For det er slik den oppstandne kan møte oss. Og sette mot i oss. Og sende oss ut for å leve og dele det Gud har gitt oss.

Vi treng desse møtene. Med den oppstandne – og med kvarandre. Difor håpar eg inderleg at vi kan få feira gudstenester i kyrkjene denne påska. Skulle det ikkje gå, minner påskeevangeliet oss om at Jesus når inn til oss der vi er – likevel. I så fall treng vi endå meir eit ord om fred.

**God påske!**

## Nært og fint med dåp trass restriksjonar



### 14. februar vart Sigrid døypt i Sandnes kyrkje.

– Det går heilt fint å ha ei fin dåpsfeiring sjølv med restriksjonar, seier mamma Elise Kvamme Andersen.

Pappa Arild Haugsvær bar Sigrid Kvamme Haugsvær inn i kyrkja og fram til døypefonten. Storebror Henrik tok av lua før Sigrid vart døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande.

Salmesong, tekstlesing, preike, bøn, velsigning og musikk ramma inn dåpshandlinga.

– Det kjendes veldig nært og fint med ei så lita forsamling. Ein var gjerne meir til stades i dåpshandlinga når alle dei som var der var tilknytta barnet, seier Elise.

Dåpsfamilie, fadrar og nokre av dei nærmaste fekk plass på fire benker framme i kyrkja, plassert med god avstand mellom husstandane. Med prest, kyrkjelydsmusikar, kyrkjeterar og klokkar var det til saman 14 personar i kyrkja som har 370 sitjeplassar.

– Det var dumt me ikkje kunne invitere alle me ville, og vanskeleg å skulle velje ut kven som skulle få koma i kyrkja. Men det var fint å ha ei lita og intim gudsteneste likevel.

Familien er ikkje dei einaste som har hatt dåp i eiga gudsteneste, og kyrkja i Masfjorden står klar

til å ta imot fleire. Det vert lagt opp til eigne dåpsgudstenester så lenge smitteverntiltaka set sterke avgrensinger på kor mange som kan samlast. Opplevinga og tilbakemeldinga er gode. – Me opplevde å få god og oppdatert informasjon frå kyrkja om gjelande restriksjonar før dåpen. Familien var ikkje i tvil om at dei ville gjennomføra dåp, sjølv om dei berre kunne vera 10 personar.

– Sigrid nærma seg 5 månader, så det var greitt å få ha dåp medan dåpskjolen framleis passa. Samtidig veit me ikkje kor lenge restriksjonane vi vara, seier Elise.

Etter ein halvtimes gudsteneste i kyrkja vart det ei lita feiringa med god mat og flott dåpskake.

– Me sit igjen med at det var ei fin og nær stund i kyrkja. Til andre som tenker på å ha dåp, så ver obs på at ein no ikkje kan invitera alle ein ønskjer. Men det går heit fint å ha ei fin feiring, sjølv med restriksjonar, seier Elise Kvamme Andersen.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret for å avtala dåp. Dataar for planlagde gudstenester i dei ulike kyrkjene våre finn du i kalenderen.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest  
Foto: Lillian Andvik

## Fireåringane våre fekk bok i kyrkja

Fireåringane i Masfjorden sokn fekk utdelt kyrkjeboka si med flotte bilete, historier og eit arbeidshefte med kjekke oppgåver.

På grunn av viruset og avgrensing på ti deltagarar delte me opp i fleire korte gudstenester.

Helga Ekehaug var ansvarleg og hadde laga eit spanande opplegg for dei små. Først var det allsong : «Eg er så glad når eg ser deg». Store og små tok i og laga ei munter stemning. Rett før den første gudstenesta skulle byrje, gjekk straumen. Det stogga oss ikkje, for me hadde kveikt lys, ute var det snø og det vart riktig koseleg inne i kyrkja.

Den nye presten vår, Torbjørn Sæle, leidde ungane og foreldra i ei spesiell 5-teiknsbønn, der



## Frøyset kyrkje

Vi blei møtt av kirkeklokkene som ringte inn til gudsteneste og Anke som tok imot oss. Ho helsa oss velkomne og noterte ned navn og nummer i tilfelle smittesporing.

Strømmen hadde gått, men det merka ikkje me

me fekk be med ulike handrørsler. Dette passa svært godt til både store og små.

Etterpå las me litt frå Lukasevangeliet om den bortkomne sauens og Helga forklarte at Jesus leitar også etter oss menneske. Jesus er glad i oss alle og leitar etter oss overalt.

Så delte presten ut bøkene og leidde oss i vekselsbøna med song. Gudstenesta var akkurat passeleg lang til dei minste som hadde ein kjekk og oppløftande søndag i Frøyset kyrkje.

Helga har planar om å samla femåringane til song, leik og moro så snart det er høve til det. Invitasjonen kjem skriftleg. Takk til alle som var med og laga til denne flotte gudstenesta!

Tekst Anke Helland, klokkar  
Foto: Alima Tomor, kyrkjetenar

## Solheim kyrkje

Tre spente 4-åringar - ein av dei hadde allereie vorte 5 - kom saman med dei nærmaste i familien sin til ei stor og tom, men varm kyrkje. Me vart fint tatt i mot og vist til vår plass.

Gudstenesta var retta mot 4-åringane og dei fekk ta del i den på fleire måtar. Songane var tilpassa barna, fleire hadde sunge dei før.

Det var ei fin stund i kyrkja og 4-åringane reiste nøgde heim med kvar si bok og aktivitetshefte under armen.

Sissel Trædal  
forelder



og ungane noke til. Dei fikk høre forteling frå bibelen, syngje songar med bevegelse og leite etter fleire små trekors som var gøymt i kyrkjerommet.

Det var ei litt magisk stemning, der ungane var skikkelig i fokus og følte seg sett og hørt.

Merete Haveland  
forelder

## Kyrkja open for fleire

28. februar fekk me endelig kome i kyrkja att, og det var nyepresten vår, Torbjørn Sæle, som ønska velkommen til Solheim kyrkje.

Preiketeksten for dagen var Lukas 7, 36-50. Kvinner i teksten har ikkje noko namn, men ho vert hugsa for det ho gjorde. Og for trua si. Eit sitat frå Torbjørn si preike, sit att hjå meg:

*"Trua frelser ingen. Berre han vi trur på, frelser."*

Torbjørn snakka om vår eiga og Jesus si rolle i dette.

Det var nattverd og takkofferet gjekk til Redd Barna. Marit Steinestø og Anne Merethe Reknes medverka. Kyrkevertane tildelte sitjeplass, det var greitt å halde avstand og godt smittevern.

Velkomne til kyrkja!

Tekst og foto: Dina Dyrhovden



## Songstund og andakt på sjukeheimen

Annakvar tysdag kjem prest og kyrkjelydsmusikar til sjukeheimen for å halde songsstund og andakt for bebuarane. I ei tid der me opplever strenge restriksjonar og må gjere mange endringar i planane våre, er det godt å ha noko av «det gode gamle» å halde oss fast i.

Lyden av eit trillande trøorgel som nærmar seg Nystova, er eit kjent teikn for mange av bebuarane. Då veit dei at det er songstund og besök av presten som er i vente. Her har me med oss eit songhefte med kjente og kjære songar: «Den fyrste song», «Mellom bakkar og berg» og «Alltid freidig» er nokre av songane me alltid må ha med, og det er kjekt å høyre kor godt dei syng med i lag med oss. Og uansett om det er pøsande regn og vind, eller strålende knusktørt vintervêr utom glasa, endar me alltid opp med «Fager kveldssol smiler» heilt til slutt.

Når trøorgelet forsvinn ut i gangen att, går turen vidare til Arbeidsstova. Her samlast bebuarane

frå dei andre avdelingane til ein enkel andakt med salmesong og bøn. Etter nyttår har det vore ekstra spenning knytt til «nyepresten» - og det ser heldigvis ut som om dei er godt nøgde, alle saman.

Sjølv om det meste er «som normalt» ved desse stundene, er det ein ting som er annleis: Med dei restriksjonane me har i samfunnet no, er songstunda og andaktane berre opne for bebuarane ved sjukeheimen. Det same gjeld dei gudstenestene som er planlagt på sjukeheimen; skjærtorsdag og 17. mai – inntil noko anna er avgjort.

Så gler me oss til at me ein gong i framtida forhåpentlegvis kan dele desse fine stundene med endå fleire.

Tekst: Anne Merethe Reknes  
organist

## Er du medlem i Den norske kyrkja, men har born som ikkje er døypt?

Tidlegare har desse borna vorte registrert som tilhøyrlige i kyrkja, og har på lik linje med døypte born fått invitasjon til å delta på ulike trusopplæringsstiltak for born og unge i regi av kyrkja.

Tiltak og aktivitetar som vert arrangert for born og unge kan til dømes vere utdeling av 4 års-bok, dåpsskule, Tårnagent, Lys Vaken og konfirmantopplæring.

Ordninga med tilhøyrlige born vart avslutta 1. januar 2021, og desse born vart då sletta frå kyrkja sitt medlemsregister.

Dersom du framleis ynskjer informasjon om trusopplæring for born og unge frå kyrkja der du bur, kan du enkelt registrere dette ved å oppgi bornet sitt namn og fødselsdato på «Min Side». Innlogging til «Min side» finn du på kyrkja.no/informasjon. Her finn du også meir informasjon om kyrkja, trusopplæring og kva moglegeheter du får ved å registrere bornet ditt her.

Helga Ekehaug, trusopplærar

*På skjærtorsdag seier Jesus:*

*Eit nytt bod gjev eg dykk:  
De skal elskå kvarandre.  
Som eg har elskå dykk, skal de elskå kvarandre.*

*På det viset skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre (Johannes 13,34-35)*



## Vårrydding på gravplassane

Tida går fort, og våren er i vente. Kyrkjegardsarbeidar startar vår- oppryddinga på gravplassane i slutten av april.

Me vil difor be alle rydde og hente vinter pynt ein vil ta vare på frå gravene innan 25.april.

Ynskjer du avtale om planting, eller treng oppretting av gravstøtte, kan du bestille dette hos kyrkjeverje på tlf 56 16 62 61 / 906 13 515 (måndag til torsdag)

Eli Eidsnes, kyrkjeverje



# LYS VAKEN

På LYS VAKEN lærte me litt om kyrkja, Gud og Jesus. Me vart betre kjend med dei andre som var med. Me lærte nye leikar. Me song songar og snakka litt med Anne Merethe. Me gjekk opp til Stemmevatnet, då hadde me med oss eit kryssord og nokre spørsmål. Me grilla i gapahuken. Då me skulle ned att gjekk me fakkeltog. Eg synest det var veldig gøy å vera på LYS VAKEN. Eg lærte nye leikar, vart betre kjend med dei andre og presten. Det var gøy med kryssord og fakkeltog. Og så snakka me og kosa oss.

Nora Haugsvær, Lys våken deltar  
Foto: Silje Kjetland og Torbjørn Sæle



## Konfirmantleir på Grøttneset

Ikkje denne gongen heller vart det leir på Fjon for årets konfirmantar.

Me hadde i staden ei digital samling med oppgåver den eine dagen og ein tur ut til dagsturhytta den andre dagen for å vera saman med kvarandre i Guds frie og smittevernvenlege natur. Fleire syntest det var gøy på tur.

Markus Lilletvedt har sett litt meir ord på opplevinga:

-På fredagen var det mykje oppgåver å gjera. Dei var litt kjedelege. Men på laurdagen var det kjempekjekt å vera med klassen og konfirmantane frå dei andre skulane, grilla og ha snøballkrig.

Tekst: Helga Ekehaug, trusopplærar  
Foto: Torbjørn Sæle, sokneprest



## Påskeaktivitetar

I desse dagar er 5.-, 6.- og 7. klassingane inviterte til påskeaktivitet med både hammar, synål, påskeforteljingar om Jesus og suppe med påskefargane lilla og kvit- i alle fall nesten lilla suppe.

Lilla er fargen som sameinar blå himmel og raud jord, medan kvit er fargen for fest. Jesus stod opp påskedag og då er det duka for fest!



Susan måtte drikke vannet  
hun vasket klær i

**For seksbarnsmoren Susan Miyambo (35) var rent vann kun en fjern drøm. Alt vannet hun trengte til mat, drikke og klesvask måtte hun hente i en skitten elv.**

Vi er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i et område hvor flere tusen flyktninger fra Kongo har søkt tilflukt. Her bor Susan sammen med de seks barna sine i et lite hus med strå på taket.

## Tunge kanner

Med høner som flakser rundt bena hennes, et barn på armen og et som holder i skjørtekanten, forteller hun om timelange gåturer for å hente vann før de fikk rent vann til landsbyen. «Mangel på vann ga oss mange helseproblemer. Elva var vår nærmeste vannkilde, og den var både skitten og full av bakterier. Vi var veldig ofte syke», forteller hun.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Flere timer måtte hun bruke for å hente rent vann. Det var det ikke alltid tid til med seks barn å ta seg av. Derfor ble vannet fra elva ofte den enkleste løsningen. Vannet hun vasket klær i, drakk, badet barna i og lagde mat med. Vannet hun delte med dyr og innsekter. «Vi måtte gå store avstander for å komme til vannkilden, og det var vanskelig for familien min å få til det», forklarer hun.

Brønn som endret alt

Susen tar oss med inn i huset sitt der de er mange på liten



plass. Litt av plassen er satt av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaken, cassava, som smaker nesten som en potet. «Her ser du litt av inntekten min», smiler hun. For salg av både fisk og cassava gir ekstra penger til storfamilien. Hun peker på de fargerike vannkannene som står ved matlagingsplassen. «Nå trenger vi ikke lenger å gå langt for å hente vann. Takket være Kirkens Nødhjelp

har vi fått rent vann i landsbyen. Det er vi takknemlige for».



Landsbyen, med sine 1753 innbyggere, er en av mange landsbyer som har fått tilgang til vann av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 boret vi en brønn. Det er viktig for oss at hele landsbyen får eierskap til vannsystemet vi bygger. Derfor samarbeider vi tett med våre lokale partnere og vanningeniører.

Innbyggerne er med på tilrettelegging og velger en egen komite som vedlikeholder og har ansvar for vannforsyningen.

For Susan er det nå bare en kort tur bort til brønnen som er omringet av kanner klare til å fylles opp. «Nå kan jeg gi familien min rent vann. Det er jeg så glad for.»

Men selv om Susan ikke lenger er bekymret for å bli syk av skittent vann, har hun en annen stor bekymring. En bekymring hun deler med resten av verden: Covid-19. «Jeg er redd for å bli smittet når mange av oss er samlet, og jeg frykter for barnas og mitt liv. Covid-19 er virkelig og utgjør en fare for oss alle.»

Spesielt er hun bekymret for lange køer ved vannpumpa. For i landsbyen er det mange som setter pris på rent og trygt vann og etterspørselen er derfor stor.  
«Min oppfordring er at det bores enda flere brønner for å møte etterspørselen, slik at enda flere får tilgang til rent vann og vi kan ha god avstand for å unngå smitte.»

Tekst: Anette Torjusen, Kirkens nødhjelp  
Foto: Jason Mulikita/Fairpictures

# Fasteaksjonen i Masfjorden

Kirkens nødhjelp står bak den årlege Fasteaksjonen, der ein samlar inn pengar for å kunne gje reint vatn til menneske som treng det. Vanlegvis vert pengane samla inn ved at bøsseberarar kjem på dørene, oher i Masfjorden har det vore tradisjon for at konfirmantane våre gjer dette arbeidet.

Grunna smittesituasjonen vert størsteparten av aksjonen i år gjennomført digitalt. Denne aksjonen vil du finne på kyrkja Masfjorden si Facebook-side.

Men du får likevel høve til å møte konfirmantane og gje ei gave i bøssene deira:

Laurdag 20. mars kl. 11.00 – 14.00 står konfirmantane og andre frå kyrkjelyden ved butikkane på Hosteland, Haugsvær, Sandnes, Andvik og Kvingo.  
Ta vel i mot dei!

Helga Ekehaug  
diakoni- og undervisningsleia

## Konfirmasjonane utsett til september

Vårens konfirmasjoner i Masfjorden er utsett til september grunna den usikre smittesituasjonen. Håpet er at det då vil vera lettare å samla fleire til den store dagen. Sjølv om det no er opna opp for å samlast fleire i kyrkjene, er det i skrivande stund framleis berre lov å samlast 10 personar til private samlingar, som t.d. konfirmasjonsfeiring. Kva reglar og retningslinjer som gjeld i mai, veit vi ikkje. Det er sjølvsagt dumt å måtta endra på konfirmasjonsplanane i år som i fjor, men det vil truleg bidra bli ei betre oppleving av ein stor og viktig dag. Det som er heilt sikkert er at mange fleire i september er vaksinerte, og det kan vera opna meir opp for å reisa over kommunegrenser og frå andre deler av landet. Dei aller fleste andre kyrkjer i Nordhordland og mange andre stader, har landa på same konklusjon og utsett konfirmasjonane til etter sommaren. Dette skjer etter at biskop og prost oppmoda til lokalt å vurdera utsetjing.

## Dei nye konfirmasjonsdatoane i Masfjorden blir

- Lørdag 11. september i Sandnes kyrkje
  - Søndag 12. september Solheim kyrkje
  - Søndag 26. september i Frøyset kyrkje

Det kan verta fleire konfirmasjonsgudstenester etter kvarandre, viss smittesituasjonen tilseier at det er behov for det. Sidan det viste seg å vera vanskeleg å få til tre konfirmasjonssøndagar på rad, vert det denne gongen lagt opp til ein laurdagskonfirmasjon.

Tekst: Torbjørn Sæle, soknepres

## Min salme av Anne Merethe Reknes

Når eg vart spurta om seie noko om ein salme eg likar godt, vart eg fort konfrontert med ei svakheit eg trur fleire organistar òg gjerne kan ha: Me kjenner til veldig mange salmar, men teksten hugsar me gjerne berre ei strofe eller to av – noko som er heilt naturleg, då det jo er melodien som er i fokus i arbeidet vårt.

Nokre salmar har likevel festa seg litt betre, og ein av desse er «Ein fin liten blome» (nr. 492 i Norsk Salmebok). Salmen gjev eit fint bilet på vegen gjennom livet og den tryggleiken ein kan finne i å ha nokon som vaktar over seg.

«Ein fin liten blome» vart oversett frå svensk av Anders Hovden i 1927. Den svenska teksten «Det växte en blomma» frå 1889 hadde lenge ukjent opphavsmann, men vart seinare tilskriven Johan Alfred Blomberg. Salmen vart først sunge til melodien «Jeg skulle ei sørge», men etter at Bjørn Eidsvåg i 1969 laga ein melodi som passa betre til teksten, har denne etter kvart vorte einerådande. Salmen har 9 vers, men ofte nyttar ein berre eit mindre utval av desse.



### Ein fin liten blome

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,  
i granskogen diger og dryg,  
og vent mellom mose og lyng han seg ter.  
Han står der så liten og blyg.*

*Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøynd  
der skuggane tyngja deg må?  
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,  
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,  
der folk kunne skoda på deg?  
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,  
eg fødde til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,  
då vert det vel dødsdagen din.  
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,  
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber:  
om einsleg eg vert på min veg,  
så veit eg at Herren vil vera meg nær,  
Gud Fader, han vernar òg meg.*

*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,  
med honom eg kjenner meg sæl.  
Kvar morgen meg bøna til himmelen ber,  
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær,  
i blodet hans reinsa den er.  
Den høver for himlen, der gullgater er,  
den høver for vandringa her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,  
men gled meg, for då står eg brud.  
Lat lekamen kvila med fred i si grav,  
mi sjel, ho er heime hos Gud!*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong  
i morgonen æveleg klår,  
og blanda med heilage englar min song  
i himlen, dit døden ei når!*

## Masfjorden kulturskule



### Bli med!

Elevoppptak vert gjort om våren, med søknadsfrist 15. april for 2021. Kulturskulen har dei siste åra hatt om lag 150 elevplassar, og har inga venteliste.

Innmelding på elektronisk skjema. Dersom du allereie er elev i kulturskulen treng du ikkje mælda deg på nytt for kvart skuleår, med mindre du ønskjer å delta på andre kurs.

Dersom du ikkje ønskjer å halda fram med det kurset du har dette skuleåret, må du mælda deg av skriftleg til kulturskulen på elektronisk utmeldingsskjema.

Påmeldinga gjeld for heile skuleåret, og dersom du ønskjer å slutta midt i året, må du likevel betala påbegynt semester.

Alle får i utgangspunktet undervisning ein gong i veka, dei fleste i grupper.

Elevar som søker må ordna med eigne instrument til å spela på heime. Unntaket er skulekorpsaspirantar, då desse får låna korpsinstrument.

Elevar som melder seg på samspelkurs og band, vert oppmoda om å diskutera påmelding med aktuelle medmusikantar.

Aspirantopplæringa til skulekorpsa går i utgangspunktet over 1,5 år.

Teikne/målekurset har dei siste åra hatt søkerar frå Matre og Nordbygda, og kursstad har difor vore desse to stadane.

Dramakurset er lagt til tre helgesamlingar pr. semester. Samlingane blir lagt vekselvis til dei tre skulane i kommunen. Gruppa arbeider med ulike

BLI MED!  
SONG, MUSIKK,  
TEATER, BILETKUNST,  
SAMSPEL

Påmeldingsfrist for skuleåret 2021-22 er 15.april

Les om kurstilboda,  
innmelding og utmelding her:  
[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

oppsetjingar. Vinteren 2020/21 er det Robin Hood som står på programmet.

Har du ønskje om kurstilbod som ikkje står på lista kan du føra det opp under "merknader" i påmeldingsskjemaet, kanskje me kan få til noko? Viss ikkje veit me i alle høve at interessa er der og kan gjera noko med det til seinare år.

Elevane må sjølv dekka innkjøp av naudsnyt opplæringsmateriell (notar, teikneutstyr etc.). Dette vert betalt saman med kurspengane to gonger i året (haust/vår).

Vaksne kan og søkja, og vil få tilbod dersom ledig kapasitet.

Informasjon om Masfjorden kulturskule på:

<https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/oppvekst-og-undervisning/masfjorden-kulturskule-masfjorden-idrettsskule/masfjorden-kulturskule/>

## Ut i naturen - med litteraturen



Masfjorden folkebibliotek har gjennom «Aktiv formidling 2021» fått økonomisk støtte fra Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Ut i naturen med litteraturen». I samband med dette prosjektet vart Sandnes barnehage invitert til ei lesestund ved gapahuken på Presteneset.

Signe Marit Krossøy las «Eventyret om reven og lapskausgryta» - eit spennande eventyr som fengde barna godt. Etter lesestunda vart me invitert på biblioteket der me fekk låne bøker med oss ned igjen til barnehagen.

Tusen takk til Signe Marit og Masfjorden folkebibliotek for ei veldig kjekk lesestund i flotte naturomgjevnadar! Dette gjer me gjerne igjen!

Tekst: Lene Kvinge Tvedt  
Foto: Annbjørg Ynnesdal

## Små steg for kloden i Sandnes barnehage – Barnehagedagen 2021



Tysdag 9.mars vart Barnehagedagen 2021 arrangert under slagordet: «Små steg for kloden». Tema for dagen var barnehagen sitt arbeid med natur og miljø. Eitt av måla med å markere Barnehagedagen er å synleggjere barnehagen sitt innhald og å skape forståing for dei viktige prosessane som går føre seg i barnehagen.

I barnehagelova sin formålsparagraf står det at barn skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. I Sandnes barnehage har vi særskilt hatt fokus på kjeldesortering og gjenbruk for å gi borna ei byrjande forståing for ei berekraftig tenking allereie frå barnehagealder.

Sandnes barnehage ligg nær sjøen og ved fjøre sjø er det mykje morosamt og interessant å finne på stranda. Skjult under tang og tare kan ein finne små miniakvarium fulle av krabbar, kråkebollar og andre sjødyr. Men dessverre finn ein også søppel! Det meste av avfallet i sjøen er plast – og plast forsvinn ikkje. Derimot vert det brote ned til mikroplast som t.d. fuglar, skaldyr og fisk et. Og sidan vi et fisk kan det også hamne på våre eigne matfat og inn i næringskjeda.

Dei siste vekene har vi i barnehagen snakka mykje om plast i sjøen og at fuglar og dyr får det i magen fordi dei trur det er mat. Dyra klarar ikkje å førdøye plasten og vil få vondt i magen – mange vil døy av det. På Barnehagedagen gjekk vi til kommunehusstranda for å sjå om vi fann søppel som vi kunne fjerne. Og søppel fann vi – både langs vegen og på stranda. Då vi fann ein død liten krabbe var



det fleire barn som undra seg over om den hadde døydd av plast i magen. Slike refleksjonar er eit viktig steg i riktig retning mot berekraftig tenking og forståing for korleis ein kan ta vare på naturen og dei rundt oss.

Tekst og foto: Åshild Skuggedal

## Her kjem det turveg



I desse dagar startar arbeidet med å laga turveg på Hosteland. Det er driftige eldsjeler i Nordbygda pensjonistlag som saman med grunneigar og gode samarbeidspartar vil leggja til rette for ein turveg mellom fylkesvegen og idrettsbana.

- Det heile starta med at me under fylkeslaget sin haustkonferanse i Bergen vart oppmoda om å tenkja lokale tiltak som kunne gje eldre ein lysare kvardag i dystre koronatider. Me fekk vita at me kunne søkja DAM-midlar til slike tiltak, fortel primus motor Ivar Haukeland. - Me har lenge sett behovet for ein turveg «vekk frå asfalten» i dette området, og etter gode samtalar med grunneigar kom me fram til ein trasé på skogsvegen frå fylkesvegen i retning Selvågen, og tursti vidare derifrå til idrettsbana.

- No har me fått kr 300 000 i tilskot frå DAM. I tillegg har formannskapet løyvd kr 100 000 til tiltaket. Resten som me treng har me kontakta lokale verksemder om bidrag til.

-Prosjektet har me kalla «Naturmøteplassen på Hosteland». Koronapandemien har medført isolasjon for mange, og særleg for grupper som er avhengige av transports hjelpe for å koma seg til og frå. I vår bygd er det stort behov for utandørs nærtilbod for eldre som stimulerer til fysisk aktivitet og sosial omgang.

- I «Naturmøteplassen» vil pensjonistlaget i samarbeid med andre leggja til rette for auka fysisk aktivitet for eldre ved å få på plass gode, funksjonelle og tilpassa turvegar og møteplassar i naturen for målgruppa i nærområdet sitt, og slik styrka folkehelsa og det psykososiale miljøet. Skule og barnehage ligg i nærområdet og me ser fram til mange gode møte mellom generasjonar her, avsluttar Haukeland.

Turvegen er venta å stå ferdig ut på seinsommaren.

Tekst: Arbeidsgruppa

## Stor oppslutnad på fjelltrimmen i Nordbygda



Glade "onsdagsdamer" på Snaufjellet som var ein av sommarpostane.

Trimpoeng appen til Risnes idrettslag sin fjelltrim er svært populær. 301 personar i alder 1-80 år var påmelda til sommarpostane i 2020. 160 av desse besto krava til premie. Det som er så kjekt med trimappen er at ein kan fylge med kven som går og kor mange poeng dei har. Dette har ført til at mange, både born og vaksne har konkurrert mot kvarandre.

Sommarpostane vart avslutta 30.oktober. Etter det har det vore vinterpostar som ein kunne registrere på den samme appen. Så i frå 1.april 2020 til no er det gått 10 733 turar. Nytt i år er at det vert ein vandrepokal for den som har mest poeng på sommarpostane. For å få den til odel og eige er det eit stort krav. Vedkommande må ha klart å få den i 5 år etterkvarandre.

Vidare vert det delt ut pokal kvart år til dei som har mest poeng opp til 11 år og dei med mest poeng frå 11-16 år. Alle som har bestått krava for sommarpostane får pannebånd med logo fjelltrimmen Risnes IL.

Pga. koronarestriksjonane vert det ikkje fjelltrimfest, men alle som skal ha premie kjem til å få den i postkassen sin i nærmeste framtid.

Vinnar av vandrepokalen 2020 er Øystein Bjarne Ynnesdal med 3 016 poeng. I klassen for born opptil 11 år er Håvard Halland vinnar med 1381 poeng. I klasse 11-16 år er Hanna Sleire Tenjum vinnar med 435 poeng.

1.april startar ny sesong og alle startar på nyt, med ny påmelding på samme appen. Så no er det berre å snøre fjellsko og komme i gong. Sommarpostane kan du frå 1.april finne på Risnes IL si facebookside.

Gunn Marit Tangedal leiar i fjelltrimgruppa.


## Informasjon om korona-vaksinering i Masfjorden

Kommunen må følgje Folkehelseinstituttet sine tilrådingar for kven ein skal vaksinere og kva rekkjefølge den einskilde skal prioritert i. Tilgongen på vaksiner avgjer kor fort ein kan tilby innbyggjarane vaksine. Dette har variert frå veke til veke og ikkje gått så fort som ein hadde hatt ynskje om. Kommunen veit ikkje lenger enn 1-2 veker fram i tid kor mykje vaksiner ein blir tildelt.

Kommunen har fått leveransar av Pfizer og AstraZeneca. Ut frå tilrådingane til Folkehelseinstituttet har difor ulike grupper fått tilbod om vaksinasjon. Dette har endra seg etter kvart som det kjem ny informasjon og nye tilrådingar kring bruk av dei ulike vaksinane. I veke 10 vart AstraZeneca midlertidig stoppa i Noreg. Dette på grunn av biverknader som ein undersøker nærmare før ein eventuelt kan halde fram med vaksinasjonen.

Det er fleire vaksiner som kan bli godkjent til bruk i Norge. Det er håp om at ein etter kvart kan tilby fleire av innbyggjarane vaksiner.

Legekontoret vil ta kontakt med den enkelte innbyggjar i Masfjorden når ein står for tur for vaksinering. Dersom ein har fastlege i ein annan



kommune og er under 65 år er det ynskjeleg at ein avklarar med fastlegen sin om ein er i risikogruppa. Ta så kontakt med Masfjorden legekontor som vil sette deg på vaksinasjonslista etter prioritering.

Ein kan lese meir på kommunen og Folkehelseinstituttet sine heimesider.

## Informasjon frå Masfjorden helsestasjon og skulehelsetenesta.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta i Masfjorden er inne i ein periode med endringar. Marta Midtbø skal jobbe ut mars månad og etter dette trer ho inn i pensjonisttilværet. Ida Eide har gått ut i permisjon. Randi Ulvøy vil halde fram med å arbeide på helsestasjonen og i skulehelsetenesta. Det er tilsett ein ny helsesjukepleiar i kommunen, Anja Låstad. I løpet av våren vil ho byrja å arbeide på helsestasjonen og i skulehelsetenesta.

I ein overgangsfase vil det kunne bli litt endring i forhold til tilgjengeleight, spesielt med tanke på



skulehelsetenesta. Ein vil prøve å gje eit best mogeleg tilbod ut frå personalsituasjonen i denne overgangsperioden. Sjølv om det ikkje er nokon fysisk på skulen, kan ein alltid ta kontakt på telefon eller e-post utanom trefftid.

**Masfjorden helsestasjon tlf. 56 16 63 14.  
Randi Ulvøy mobil 40 80 16 40  
Epost: Randiulvoy@masfjorden.kommune.no**

## Lys i Hostelandstunnelen før påske



Føretaket Mesta AS og føretaket BMO Elektro AS har no gjort ferdig arbeidet med å få på plass lysanlegget i Hostelandstunnelen. I tillegg har BKK Nett fått ført fram straum til tunelloppninga.

Vestland fylkeskommuna har stått som byggherre, og har hatt ansvaret for prosjekteringen og planlegginga av arbeidet.

Tunnelen har vore svært utfordrande med omsyn på trafikktryggleik, sidan den er heilt rett, noko som har medført mykje motlys frå lysopningane. Det har difor ofte vore vanskeleg for bilistar å sjå fotgengrarar/syklistar inne i tunnelen, samt for dei mjuke trafikkantane å bevega seg i tunnelen.

Masfjorden kommune hadde lys i fylkesvegtunnelar som eit viktig tiltak i trafikksikringsplauen frå 2014, og kommunen har i lang tid jobba for å få på plass lys i Hostelandstunnelen.

Venteleg vert tunnellyset slått på i veke 11.

Tekst: Sveinung Toft  
Foto: Sigvald Kvinge

# Kommunale gebyr og betalingssatsar 2021

<b>Renovasjonsgebyr</b>	Utan heimekompostering (eks mva)	Med heimekompostering (eks mva)
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	3 488	3 088
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	3 168	2 768
Restavfall kvar 2 veke, 240 liter	3 808	3 408
Årsavgift hytte/ fritidsbustad	1 744	

<b>Vassavgift</b>		<b>Avlaup</b>	
Årsavgift bustader og hytte	5 350	Årsavgift bustader og hytte	3 600
Tilknytingsavgift	19 400	Tilknytingsavgift	25 000
Fastavgift vassmålar	2 500	Vatn ut pr m3	16,50
Vatn inn pr m3	13,50		
Sal av vatn, pris pr m3	400		

<b>Slamtømming</b>	792	<b>Feiing/ branntilsyn</b>	590
Dispensasjonssøknader (vanlege)	11 000	Basisgebyr ny matrikkel (tomt)	11 500
Dispensasjonssøknader (enkle)	6 100	Fast arealtillegg inntil 3 dekar	9 400
Basisgebyr - byggjesak	9600		
Basisgebyr – saker ein sjølv kan søkje om	5 200	Konsesjonssak maks gebyr	5 600

**Barnehagesatsane** full plass i Masfjorden vert kr 3 230 pr. månad med verknad frå 1. april 2021.  
Syskenmoderasjonen vart i kommunestypesak 37/2015 samordna med tilsvarende moderasjon i SFO.  
Vedtaket lyder: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50 % modera sjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon.  
Frå 1. april 2021 vert prisen på matpengar i barnehagar kr 308 pr. månad.  
Frå 1.april 2021 vert gebyr for barn som er henta for seint kr 257 pr. påbyrja halvtime.

<b>Opphald i SFO</b>		<b>Syskenmoderasjonen</b> vart i kommunestypesak 37/2015 samordna med tilsvarende moderasjon i barnehagar. Vedtaket er: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50 % moderasjon . Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon.
Opphaldstid		
Til og med 5,9 timer pr. veke	595	
Mellan 6,0 og 9,9 timer pr. veke	1 181	
Mellan 10,0 og 13,9 timer pr. veke	1 633	
Over 14 timer pr. veke	2 372	

**Foreldrebetaling idrettskulen kr 846 fram til 31.07.2021.**  
**Foreldrebetaling idrettskulen kr 868 frå 01.08.2021**

**Elev- og lagsbetaling i kulturskulen 2021**  
Elevbetaling kr 2 363 fram til 31.07 .2021. Elevbetaling kr 2 427 frå 01.08.2021.  
Syskenmoderasjon 30 %

Elevbetaling vaksne elevar (etter vidaregåande) kr 3 545 fram til 31.07.2021.  
Elevbetaling vaksne elevar (etter vidaregåande) kr 3 641 frå 01.08.2021.

Lagsbetaling for barne- og ungdomslag kr 311 pr. time fram til 31.07.2021.  
Lagsbetaling for barne- og ungdomslag kr 320 pr. time frå 01.08.2021.

Lagsbetaling for lag med vaksne medlemmer kr 422 pr. time fram til 31.07.2021.  
Lagsbetaling for lag med vaksne medlemmer kr 433 pr. time frå 01.08.2021.

## Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester

Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen  
**Grunnlag: grunnbeløpet i folketrygda**

(1G) = kr 101.351 pr. 01.mai.2020	<b>Sats pr. time</b>	<b>Sats pr.mnd.</b>
Inntil 2G (utgiftstak)	Statleg sats	Statleg sats
2G – 3G	283	762
3G – 4G	353	1 413
4G – 5G	429	1 718
Over 5G	429	1 718

**Husleige i omsorgsbustadar til eldre** vert kr 6 685 pr. mnd.

## Matlevering og sal av mat

Kr 87 pr. middag med dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim. Kr 103 pr. middag besökande og tilsette. Kr 43 pr. frukost/kvelds, levert frå Masfjorden sjukeheim

## Eigenbetaling for tryggleiksalarm kr 380 pr. mnd.

Eigenbetaling for tryggleiksalarm inntekt under 2G kr 217 pr. mnd.

Døgnopphald/nattopphald – medisinsk vurdert, dagtilbod/aktivitetsopphald

Døgnopphald/nattopphald følgjer statleg sats.

Dagsenter/aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim kr. 142 pr. dag (inkludert middag og skyss).

**Støttekontakt/ ritidskontakt** er kr 195 pr. time.

## Utvida tilbod med traktorar på Auto-Mek AS

Som all veit er Auto-Mek AS ein veletablert bilverkstad i kommunen.

Bedrifta har no utvida tilbodet sitt til også å gjelde sal av traktorar.

Torleif Matre viser stolt fram ein av sine traktorar, sjå bilde ved sida av.

Me ynskjer dei lukke til med det utvida tilboden!



Tekst og foto: Sigvald Kvinge

# Takk for innbetalingane for Masfjordingen!

Også denne gongen er det mange som betaler for bladet.

Betalinga har i fleire år vore etterskotsvis. I novemberutgåva kom det giro der det stod betaling for 2021, det skulle ha stått innbetaling for 2020. Giro for 2021 kjem tidleg på hausten.

Fra neste år kjem giroen i løpet av vårhalvåret.

Eli Eidsnes, kyrkjeverje



God Påske

## Kontaktinformasjon til kyrkja



Kyrkjeverje: Eli Eidsnes  
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515  
E-post [kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no)

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes  
Tlf.: 47 41 31 41  
E-post:  
[anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no)

Diakoni og undervisningsleiar:  
Helga Ekehaug  
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612  
e-post:  
[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle  
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685  
e-post: [ts657@kyrkja.no](mailto:ts657@kyrkja.no)

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

## Frist for innsendingar til Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen: 25.mai

Noter desse datoane i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder fra hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgåum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

## Kontaktinformasjon til kommunen



Telefon: 56 16 62 00  
Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Arbeidsgruppa for Masfjordingen

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge, Sveinung Toft

[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)  
[mary.hope@masfjorden.kommune.no](mailto:mary.hope@masfjorden.kommune.no)  
[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)  
[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
Formgjeving: Mary Hope